

## ÅRSMELDING FRÅ STYRET I FØRDE IL HANDBALL – 2009

Styret har vore samansatt av:

Leiar:	Eva Moberg
Kasserer:	Dagfinn Vik
Styremedlem:	Nandor Helgheim
	Jan Erik Odden
	Randi Osmundnes Maheswaran
	Bente Kjørstad Walaker
	Dagrun Kyrkjebø

Sportsleg utval har vore samansatt av:

Leiar:	Odd Erik Gullaksen
Medlemmar:	Einar Elde
	Oddny Sønnesyn
	Sølvi Ripe Vinda
	Maria Oppedal
	Ida Almenning

Gjennom året har det vore 13 styremøte. Det vart arrangert eige temamøte om sportleg utvikling og klubbkultur. Det har vidare vore fleire oppmanns-, arbeids- og evalueringsmøter. I tillegg har det vore samarbeidsmøter med styret i Florø handballklubb og pressekonferanse i samband med tilsetjing av seniortrenar. Styremedlemmane har delteke på sonemøter og leiar har delteke på leiarutdanningskurs i regi av Region Vest. Store deler av arbeidet i styret har, som i tidlegare år, vore knytt til saker som vedrører økonomien i klubben og dei faste oppgåvene i samband med gjennomføring av ulike arrangement. 2009 har imidlertid også vore eit år der den sportslege aktiviteten har fått stor merksemd. Samarbeidet med Florø på seniornivå, tilsetjing av seniortrenar og utarbeiding av sportsleg plan har vore eit løft for klubben og styrka samarbeidet mellom styret og sportsleg utval.

Fylgjande personar frå Førde IL – Handball er tillitsvalde i NHF / Region Vest Norge:

- Oddny Sønnesyn, nestleiar regionsstyret og medlem av arbeidsutvalet
- Arvid Andenæs, medlem kontrollkomiteen

### Sportsleg:

Det har vore ei positiv utvikling på alle nivå med gode prestasjonar gjennom sesongen. Målsettingane for den unge seniorgruppa vart innfridd ved å behalde plassen i 3 divisjon damer. Vi har hatt fleire lag på ulike turneringar, med gode resultat.

Til inneverande sesong (09/10) har vi meldt på 21 lag i regionsserien + mini handball. Det var ved utgangen av året registrert 350 medlemmar/aktive.

Vi er spesielt godt nøgde med å ha fått på plass ein sportsleg plan der vi har konkretisert ei overordna målsetjing og skissert korleis vi skal jobbe målretta ut frå rammeplanar for dei einskilde årsklassane. I rammeplanane ligg omtale av forventa treningsmengde, målsetting for treningsarbeidet, kamptilbod og sosiale aktivitetar.

Vi har fått mykje god medieomtale for tilsetjinga av seniortrenar og samarbeidet med Florø handballklubb. Seniortrenaren har vore ein viktig ressurs for klubbane, ikkje berre på seniornivå, men også i dei alderbestemte klassane og ovanfor trenarapparatet.

I haustferien vart det arrangert Gjensidige handballskule med 55 deltakarar. Også her fekk klubben god medieomtale og dei eldste spelarane gjorde ein framifrå jobb som instruktørar.

### Økonomi:

Rekneskapen for 2009 viser ei samla inntekt på kr. 1.148.439,- og utgifter på kr. 1.162.039,- som gjev eit underskot på kr. 13.600,-. Den frie eigenkapitalen er på kr. 15.544,-. Rekneskapet skal reviderast for seinare godkjenning i FIL sitt årsmøte.

Største utgiftsposten er som før; leige av idrettshallen i Førdehuset. I uttale til kommunedelplan for idrett og friluftsliv i Førde 2010-2013 har styret spelt inn krav om ei betre oppfølging av intensjonane om at anlegg som har fått spelemidlar på sikt bør stillast til gratis rådvelde for barn og unge under 19 år. Førde kommune vert oppmoda om å lage ei konkret strategi for å betre rammevilkåra for leige av kommunale bygg og anlegg.

Det er ført eige rekneskap for Topp Sunnfjord -satsinga. Løn til seniortrenar er finansiert med øyremerkte sponsormidlar. Det er inngått 3-årige avtaler med Sparebanken Sogn og Fjordane, Biltreff, Gravdal Gruppa og Coop Mega for å finansiere dette. I samarbeid med Florø handballklubb vil vi i 2011 vidareføre arbeidet med å skaffe fleire sponsorar til Topp Sunnfjord satsinga. For at lønnsberekning og tilhøve knytt til skatt og pensjon skal skje i tråd med gjeldande lov- og regelverk, er det inngått avtale med Rekneskapsteneste AS for utrekning og utbetaling av løn til seniortrenar.

Hovudsponsorane for FIL- handball er som tidlegare Sparebanken Sogn og Fjordane, Firda og Sentrum Sør. I tillegg kjem utstysavtalen med Sporten Førde Sport AS.

Styret har vidare lagt ned eit større arbeid i nytt oppsett og nye rutinar for budsjett og rekneskapsføring. Styret har valt å innarbeide ei periodisering av inntekter og utgifter. Målsetjinga er å betre den løpande oversikten over økonomien, slik at ein lettare kan iverksetje tiltak som ivaretek likviditeten.

### Ressursar i organisasjonen

Som i åra før, har det også i 2009 vore ei stor utfordring å få fram og aktivisere dei ressursane som handballgruppa rår over. Styret/tillitsvalde ynskjer å legge forholda (administrasjon/økonomi) best mogeleg til rette, og ivareta medlemmane sine interesser med ønska utvikling og målsetting. For å lukkast med dette er vi heilt avhengige av at foreldre/føresette stiller opp og gjer ein innsats på eit eller fleire område. Valkomiteen har i år fått i oppgåve å kartleggje kven som kan stille som medlemmer i Førde Cup-komiteen og såleis vere med å gjere ei ekstra innsats ved dette viktige arrangementet. Til saman vil det vere behov for om lag 15 personar dersom vi skal kunne gjennomføre cupen etter intensjonane. Førde-cup er vårt ansikt utad og har svært mykje å seie for vårt omdømme som handballklubb og arrangør.

Styret har hatt ein travelt, men svært interessant handball-år. Vi håper medlemmane har opplevd eit positivt år med mykje handballglede og gode opplevingar.

Styret vil takke alle trufaste eldsjeler som legg ned mykje godt arbeid for å fremje og utvikle handballen i Førde. Vi vil også takke sponsorane for velvilje, og andre medspelarar som på ulikt vis har stilt opp for handballgruppa i 2009.

For styret i FIL - Handball

Eva Moberg